

**Protokoll styremøte Valdresmusea AS****2020:4**

Stad: Microsoft Teams

Tidspunkt: Måndag 24. august kl. 14.00.

Frå styret: Jan Arild Berg, Jørand Ødegård Lunde, Brita Brenna, Arne Erik Fønhus og Kristin Gulbrandsen. Frå administrasjon: Ole Aastad Bråten.

**Sak 8/2020 Førebuing til eigarmøte**

Tidspunkt for eigarmøte er onsdag 26. august klokka 18.00 på Valdres Folkemuseum. I møte tok styret ein gjennomgang av agenda for eigarmøte, og avklara haldningar og forventningar til det vidare samarbeidet med kommunane.

I drøftinga rundt strategi og langsiktige mål, presenterer administrasjonen museets strategi frå 2015, peikar på kvifor desse har sikra merksemd og ressursar til det museumsfaglege arbeidet, og vidare korleis museets satsingar korresponderer med regionen sine satsingar. Styret vil òg nytte høve til å be eigarane om innspel til museets nye strategi.

Vedtak:

*Styret vil med eigarmøte spele kommunane og ordførarane gode, meir enn å lansere nye rundar for fornya driftsavtale. Dersom det likevel melder seg ei opning for nett det siste, vil det vere mest realistisk å ta opp att denne dialogen/prosessen i 2021.*

**Program for eigarmøte**

1. Presentasjoner ved Valdresmusea
2. Omvising i utstillingar og på Norsk institutt for bunad og folkedrakt
3. Strategi og langsiktige mål for museet i Valdres – kor er vi om ti år?
4. Kort orientering om byggeprosjekta (utstilling, administrasjonsbygget, velkomstbygget)
5. Dialog og faste møtepunkt med Valdreskommunane